

STRANDA KOMMUNE	Saksb. JANTRY
08 JAN 2019	
Arkivsak 19/23-1	Journalp. 19/218

Interpellasjon

Sikker energilevering til bygdene våre

Sikker energilevering er avgjerande viktig i moderne samfunn. Utan elektrisk energi stoppar det meste opp.

Eg oppheldt meg i Liabygda nyårshelga. Veret var ikkje spesielt dårleg, men vind og snøfok medførte likevel at straumen vart borte. Det heile starta om føremiddagen 31. desember då lyset vart borte fleire gongar i løpet av kort tid. Første nyårsdag starta det på same måten, og no vart straumen borte samanhengande i minst to timar, noko som m.a. medførte problem i nybygde robotfjøsar. Etter som eg forstod, var årsaka m.a. linjefeil lokalt i bygda.

Eg bed ordføraren orientere kommunestyret om kvaliteten på linjenettet i kommunen, og skogrydding langs linjene. Det er avgjerande viktig at alle bygdelaga har ei stabil og sikker energilevering.

Beste helsing


Petter Hjørungdal

Stranda Sp